

# **Ungdomskontrakt**

**Ei empirisk oppgåve**

**BACHELOROPPGAVE (OPPG300)**

**Polithøgskulen**

**2013**

Kand.nr : 55

Antal ord: 6382

# **Innhold**

<b><u>INNHOLD</u></b>	<b>1</b>
<b><u>SAMANDRAG</u></b>	<b>2</b>
<b><u>INNLEIING</u></b>	<b>2</b>
<b>PROBLEMSTILLING</b>	<b>3</b>
<b><u>METODE</u></b>	<b>4</b>
<b>PROBLEMFORMULERING</b>	<b>4</b>
<b>KVANTITATIV METODE</b>	<b>5</b>
<b>KVALITATIV METODE</b>	<b>5</b>
<b>UTVALSSTØRRELSE</b>	<b>6</b>
<b>VALIDITET</b>	<b>7</b>
<b>RELIABILITET</b>	<b>8</b>
<b><u>UNGDOMSKONTRAKT</u></b>	<b>8</b>
<b>HEIMELSGRUNNLAG</b>	<b>8</b>
<b>SAKSGANG</b>	<b>9</b>
<b>FRIVILLIG</b>	<b>10</b>
<b><u>PERSONORIENTERT KRIMINALITETSFØREBYGGING</u></b>	<b>12</b>
<b>UTFORDRINGAR</b>	<b>13</b>
<b>TVERRETATLEG SAMARBEID</b>	<b>15</b>
<b>TEIEPLIKT</b>	<b>16</b>
<b>FORELDRE/VERJE</b>	<b>16</b>
<b>SKULE</b>	<b>17</b>
<b>ROM FOR FORBETRINGAR</b>	<b>18</b>
<b><u>AVSLUTNING</u></b>	<b>18</b>
<b><u>LITTERATURLISTE</u></b>	<b>0</b>
<b>SJØLVVALT PENSUM</b>	<b>1</b>
<b><u>VEDLEGG</u></b>	<b>2</b>
<b>SPØRJEUNDERSØKING</b>	<b>4</b>
<b>FOTNOTAR</b>	<b>7</b>

## **Samandrag**

I denne oppgåva har eg tatt for meg Ungdomskontrakt, som er ein alternativ reaksjon ovanfor unge lovbytarar. Grunnlaget for drøftingar og vurderingar vil vere frå mine eigne erfaringar frå B2, der eg hadde samtalar med ungdomane, og laga ein mindre eigenprodusert spørjeundersøking. I tillegg til at eg ser på tidligare forsking på feltet, og ser opp mot ulike metodar ein kan bruke.

Mi problemstilling er: "*Korleis kan vi mest effektivt finne ut om ungdomskontrakt fungerer i praksis?*". Ved å bruke mi eiga undersøking, samstundes som eg ser på anna teori på området, har eg drøfta kva som vil vere relevant å sjå på, korleis ein bør gå fram for å få tak i informasjonen, feilkjelder ein må tenke på, kva som er viktig for at ungdomskontrakt skal fungere osv. Mi undersøking er ikkje stor nok til at ein kan generalisere, den blir dermed brukt som ein forstudie, der ein kan sjå på og finne ut av andre områder som kan vere interessante å forske meir på.

Ungdomskontrakt er eit komplekst tilbod, der det er mykje som kan spele inn og påverke om det har ein effekt for ungdomen eller ikkje. For eksempel om ungdomen opplever at det er eit frivillig tilbod, om dei blir godt nok involvert, eller er det noko dei takkar ja til då det berre er det minste av to onder? Ved å sette seg inn i alle desse ulike variablane kan ein muligvis finne ein god metode for å hente inn informasjonen, og finne ut om ungdomskontrakt fungerer i praksis.

## **Innleiing**

Ungdomskontrakt blei innført i Noreg på starten av 2000 talet, etter inspirasjon frå Danmark. Ungdomskontrakt er ein alternativ reaksjon ovanfor unge lovbytarar for å førebygge gjentekne lovbro. Ved Førde og Naustdal lensmannskontor blei ungdomskontrakt som vilkår for påtaleunnlating starta opp i 2010. Kontrakt inngår hovudsakleg for ungdomar mellom 15-18 år, med samtykke frå føresette. Dersom dei inngår ein forpliktande avtale, så inneberer det at påtalemyndighetene unnlét å reise tiltale (Handlingsplan Justis- og politidepartementet 2012, s. 35).

Eit interessant spørsmål er om ungdomskontrakt fungerer i praksis, om det verkeleg hjelpt ungdomen frå å avstå frå lovbrot. Sidan ordninga med ungdomskontrakt ikkje er så gammal, er det ikkje mykje kunnskap om akkurat dette temaet i dag. Politiet og andre aktørar i samfunnet treng å vite meir om verknadane til ungdomskontrakt. I mi oppgåve vil eg difor drøfte og kome med forslag til korleis ein kan gå fram for å forske på feltet, og belyse og drøfte ordninga med ungdomskontrakt. Oppgåva har dermed ei empirisk tilnærming.

Grunnlaget for drøftingane og vurderingane mine vil vere frå året mitt i praksis hos Førde og Naustdal lensmannskontor og frå tidlegare forsking som Marit Egge presenterte i 2004. I B2 fekk eg informasjon frå ungdomane som gjekk på kontrakt gjennom ein mindre eigenprodusert spørjeundersøking og samtalar med ungdomane. Dette vil eg bruke som et forarbeid. På grunn av tid og storleik på oppgåva har eg avgrensa området betrakteleg med tanke på kor stor mi eiga undersøking var, og kva felt eg har valt å fokusere på. Målet er dermed ikkje å trekke generelle slutningar om temaet.

## Problemstilling

Ungdomskontrakt er ein metode som er tatt i bruk for å førebygge at fyrstegongsbrukarar av for eksempel hasj held fram i same retning etter førelegget er betalt. Eit område eg synest er interessant og freistar å gå meir i djupna på, er om ungdomskontrakt der rusmidlar er årsaken, fungerer i praksis. Er effekten av ungdomskontrakt at ungdom endrar synet sitt på rus, eller gjer dei det fordi dei er nøydde? For å finne ut av dette må ein innhente informasjon som kan vere vanskeleg å få tak i. Problemstillinga mi vert dermed:

*"Korleis kan vi mest effektivt finne ut om ungdomskontrakt fungerer i praksis?"*

Underspørsmål blir korleis vi skal få tak i informasjonen, kva slags metodar er mest effektive og kva variablar er viktige for at ungdomskontrakt skal fungere.

## **Metode**

For å få samla inn data, eller empiri til oppgåva kan ein ta i bruk enten kvalitative eller kvantitative metodar. Det er viktig å poengtere at data berre er representasjonar av verkelegheita, ein kan sjølvsagt aldri klare å gjengi sjølve kompleksiteten til røyndomen (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2011, s. 36).

Når ein skal samle inn data må ein gjer ein del vurderingar av kva metode ein skal velje. Ein vel metode ut frå kva og kven du skal undersøke, og det er problemformuleringsa ein ønskjer å få svar på som bestemmer kva slags tilnærming som er mest hensiktsmessig. Vidare viser eg til ulike sider ved begge metodane, og erfaringar eg har støtt på under mine eigne undersøkingar.

Kvantitativ metode er målbar på den måten at den held seg til data i form av kategoriserte fenomen og legg vekt på oppteljing og utbreiing av fenomen. Som for eksempel spørjeundersøking og strukturerte intervju. Kvalitativ metode på den andre sida forhold seg til data i form av tekstar, lyd og bilde og legg vekt på fortolking av empiri. Eksempel på kvalitative metode er ustrukturert intervju og observasjon (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2011, s. 99).

### **Problemformulering**

Før ein startar med informasjonsinnsamlinga må ein ha tenkt over kva slags data eller informasjon ein er interessert å få tak i. Ein må ikkje ha laga ein konkret hypotese eller problemstilling, men ein må ha tenkt igjennom og avgrensa feltet. Problemformuleringsa kan vere vag og uklar i utgangspunktet. Dette kan ofte vere ein fordel, då innhaldet kan bli meir presisert undervegs, og ein er meir følsame ovanfor særtrekk i materialet ein innhentar (Grimen, 2004, s. 241). Ved å ha ein forstudie til ein større undersøking kan ein finne ut om dei ulike variablane ein skal bruke er relevante og opplysande før ein startar. Ved mi eigenproduserte spørjeundersøking var mitt mål å få vite meir om ungdomskontrakt fungerte – påverka ungdomskontrakt ungdomanes syn på rus?

## **Kvantitativ metode**

Fordelen med kvantitativ metode er at ein får ei meir standardisering av informantanes svar. Ein kan også samle inn empiri frå mange informantar på forholdsvis kort tid. På denne måten blir det lettare å analysere informasjonen som er henta inn, ved at det er målbart og dermed enklare å lese svara. I mi undersøking som handla om ungdommens forhold til rus, så fant eg ut at spørjeundersøking var ein effektiv måte å samle inn informasjon på. Temaet rundt rus kan vere eit ganske vanskeleg og flaut tema for ungdomen. Dette kan føre til at dei er redd for å opne seg fullstendig i ein intervju situasjon. Ved ein anonym spørjeundersøking kan ein muligvis få inn meir nøyaktig og ærleg informasjon. Etter at eg har gått nærmare inn på kvalitativ metode vil eg gå inn på sentrale vitskapelege omgrep, og drøfte dei opp mot kvantitativ undersøking.

## **Kvalitativ metode**

Fordelen med kvalitative intervju er at informantane får større fridom til å uttrykke seg, enn det eit spørjeskjema tillét. I tillegg kan intervjuaren stille oppfølgingsspørsmål. Historier om hendingar og situasjonar som kan vere interessante i denne undersøkinga, vil heller ikkje komme fram i ei spørjeundersøking (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2011, s. 137).

Før eg utarbeida spørjeundersøkinga hadde eg hatt kontakt med ungdomane, og hadde sjølv ansvar for oppfølging av to som gjekk på ungdomskontrakt. På den måten hadde eg litt kunnskap om området som skulle undersøkast. Dermed brukte eg den erfaringa eg hadde opparbeida meg til å utforme spørsmål og svar som var relevant for spørjeundersøkinga. Desse oppfølgingssamtalene er ustukturerte, med opne spørsmål som blir tilpassa den enkelte situasjonen. Ulempene med denne forma for metode er at eg her har handla i kraft av politirolla. Det er vanskeleg å vite om ungdomane har sagt og svart litt meir ”tilpassa” i forhold til kva forventingar det er til dei når dei går på kontrakt. Ein kan aldri heilt vite om dei hadde svart annleis om eg hadde hatt kvalitative intervju, der eg ikkje hadde handla i kraft av politiet. I forhold til vidare forsking på dette området vil eg påstå at dette er ein viktig feilkjelde til informasjon. Ved å ha eksterne intervjuarar vil ein redusere sjansen for at ungdomane vert påverka. I tillegg til at ein slepp å sette politiet i ein rollekonflikt med tanke på informasjon

som kan dukke opp i samtalen. For eksempel at dei snakkar seg eller andre inn i straffbare forhold.

## **Utvalsstørrelse**

I mi undersøking er det 5 ungdomar som har fylt ut spørjeskjemaet. Ut ifrå størrelse på oppgåva og tid til rådighet hadde eg ikkje moglegheit til å få eit større utval. Som eg kjem inn på seinare så er ikkje dette eit stort nok grunnlag for generaliserande slutningar, men som eit forstudie kan spørsmålsformuleringane prøvast ut på ei mindre gruppe av respondentar. Undersøkinga var frivillig, og dette fikk ungdomane beskjed om når dei ble spurta om dei kunne vere med. Alle ungdomane er inne til samtale ca. ein gong i månaden. Det var i forbindelse med denne månadlege samtalen at ungdomane utførte undersøkinga.

Ungdomane blei informert om kva undersøkinga gjekk ut på og kva den skulle bli brukt til før dei tok undersøkinga. I tillegg blei dei opplyst at den var anonym, der ein ikkje skulle registrere personopplysningar. Eg søkte om godkjenning hos Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste, der eg fikk godkjenning for å utføre undersøkinga(sjå vedlegg). Dei fekk ein kort introduksjon om korleis skjemaet skulle fyllast ut, og at eg var tilgjengeleg for spørsmål dersom det var noko dei lurte på. I tillegg blei dei oppfordra til å svare så ærleg som mogeleg. Alle ungdomane fekk det same spørjeskjemaet og rekkefølgja var den same.

Her ser eg i ettertid at eg kunne med fordel ha gitt dei enda meir informasjon i den innleiande fasen. Dette kunne ha avgrensa feilkjeldene. Feilkjelder kan vere at dei føler press til å svare noko eller er redd for konsekvensane osv. Ved å gå igjennom alle desse ulike feilkjeldane i startfasen kan ein motverke at ungdomane vert påverka av andre variablar. På den andre sida kan for mykje informasjon ha store effektar på ungdomens pålitelegheit. Veit ungdomen alt for mykje om hensikta, kan dette auke sannsynet for at han eller ho vil tilpasse sine svar eller handlingar til dette. Og av den grunn få falske resultat. Her må vi finne ein gylden middelveg, og gi tilstrekkeleg med informasjon (Jacobsen, 2005, s. 47).

## **Validitet**

Validitet oversett ein gjerne med ”gyldigheit” (Svardal, 2012). Ein brukar omgrepet validitet for å best kunne beskrive om det ein er kome fram til kan samanliknast med realiteten. Indre validitet spør om det er ein årsakssamanheng mellom avhengig og uavhengig variabel (Lund, 2002). Ein anna årsakssamanheng enn at det er ungdomskontrakten som påverkar ungdomanes syn på rus, kan vere modning. Modning vil sei ei endring som elles ville inntreffe. Ein anna feilkjelde i forhold til indre validitet er om ungdomane har vore oppriktige og ærlige. Dette veit ein aldri heilt. Det kan vere at dei har svart det dei trur eg vil høyre.

Ytre validitet omhandlar om resultata ein har kome fram til kan vere gyldige for ”den verkelege verda” – generaliserbarheit. Eit avgjerande spørsmål her er om utvalet er representativt for populasjonen (Lund, 2002) Som nemnt tidlegare har eg berre 5 representantar i utvalet mitt. Eg er dermed bevisst at gruppa ikkje er representativ og dermed generaliserbar for øvrige ungdomar i andre delar av landet. Då måtte eg ha hatt eit mykje større utval.

For å kunne generalisere resultata for alle ungdomane som går på ungdomskontrakt i Noreg, må ein ha eit representativt utval. I vurderinga for kven ein skal utføre spørjeundersøkinga på så må ein sjå på den faktiske populasjonen – det er alle ungdomane som har tilknyting til ungdomskontrakt. Med tilknyting meiner eg at ein også må undersøke dei som har slutta på kontrakt, brote kontrakt og takka nei til kontrakt, for å få eit best mogeleg bilet av om ungdomskontrakt fungera i praksis. Vidare må vi vurdere om vi skal undersøke alle, eller ta eit utval. For å få eit representativt utval av ungdomane kan vi her ta i bruk stratifisert utval. Det vil seie at vi vel den same proporsjonen av gutter og jenter som det er i populasjonen, og på same måte med andre variablar som alder, lovbrots osv. (Jacobsen, 2005, s. 287).

Uansett korleis vi har gjort utvalet, så må eg påpeike at det ikkje er 100% representativt for populasjonen. Som Jacobsen nemner i boka ”Hvordan gjennomføre undersøkelser?” (s. 289) er det to forhold som er problematiske. At ein kan ha mista spesielle grupper som kan vere interessante, og at ein i alle former for utval kan få tilfeldige feil.

## **Reliabilitet**

Reliabilitet, eller pålitelegheit vert definert i kva slags grad ein får det same resultatet når ei måling eller undersøking vert gjort igjen under identiske forhold (Braut, 2009). Dei ulike ledda i prosessen må vere så fri for unøyaktighetar som muleg (Undheim, 1996, s. 25).

Feilkjelder knytt til spørjeundersøking kan vere hermeneutiske argument. Det vil seie at sjølv om spørsmåla er dei same for alle som blir spurt, så vil forskjellige aktørar likevel fortolke spørsmåla på ulik måte. I forhold til mi spørjeundersøking oppdaga eg eit problem undervegs med definisjonen av ”rus”. I spørjeundersøkinga hadde eg brukt omgrepet ”rus” gjentekne gonger, men ikkje definert kva eg la i dette omgrepet. ”Rus” er dermed ein variabel som kan føre til at aktørane tolkar spørsmåla ulikt.

Vidare såg eg problemet med å føre opp faste svaralternativ. Det er vanskeleg å lage alternativ som dekker heile breidda av ulike svar ungdomane for eksempel har til grunnar til dei rusa seg. Dette kan føre til at dei blir leda til å krysse av eit alternativ sjølv om dei ikkje identifiserer seg med det, på grunn av at eit svaralternativ vert oppfatta som svært negativt eller positivt.

Designfasen er dermed ein veldig viktig prosess i forskinga. Dess fleire feil ein får i utviklinga av spørjeskjemaet, dess mindre kan vi stole på dei svara ein får (Jacobsen 2005, s. 367). Ved å ta i bruk kvalitative førestudiar og ved å ha ein mindre spørjeundersøking i forkant kan ein finne ut meir om desse variablane, og det kan bidra med relevant informasjon.

## **Ungdomskontrakt**

### **Heimelsgrunnlag**

For å inngå påtaleunnlating på vilkår inneberer det at ungdommen har erkjent forholdet. Påtalemyndighetenes myndighet til å avgjere påtaleunnlating er heimla i straffeprosessloven (strpl.) § 69<sup>i</sup>. Avgjersla kan vere aktuell når det ein kan oppnå

ved å få sikta straffedømt ikkje står i forhold til kva det vil koste ham. (Kippe og Seiersten 2004, s. 239)

I mi undersøking har eg fokusert på dei som har brukte narkotiske stoff, der dei har fått ungdomskontrakt som også inneberer urinprøver. Det er dermed knytt krav til påtaleunnlatinga, og dette kan minske faren for at sikta gjer nye straffbare handlingar. Det er to vilkår som må vere oppfylt for at ein kan avgjere ei sak med påtaleunnlating. Det første er at det må føreligge bevis for at sikta er straffeskuldig. Det andre er at det må føreligge ”særlege forhold” for at handlinga ikkje bør straffast. Under særlege forhold kjem alderen til gjerningspersonen, grad av alvor i den straffbare handlinga og forhold som har funne stad etter gjerningstidspunktet (Kippe og Seiersten 2004,s. 239-240).

Det vanlegaste vilkåret er at når ein får påtaleunnlating er at ein ikkje skal gjere seg skuldig i noko straffbart innanfor ei prøvetid som varierer frå 6 til 24 månader jf. strpl. § 69.2 ledd. Dersom ein ikkje oppfyller desse krava som er satt, så risikerer ein at det blir reist straffesak. Eit interessant spørsmål her er om korleis dei ulike juristane og etterforskarane praktiserer dette. Ungdomskontrakt er eit forholdsvis nytt prosjekt i Noreg, og er dette prosjektet blitt godt nok informert om ut til dei ulike distrikta og enkeltkontora? Mi eiga erfaring er at det er einskilde som engasjerer seg ekstra for at den skuldige skal få påtaleunnlating på vilkår, medan nokon går for det vanlege førelegget. Det kan vere ulike grunnar til dette, og gjennom prosessen med mine undersøkingar er dette noko eg har lurt på. Ein konsekvens av dette kan vere at ungdom som har utført det same lovbrotet blir straffa og oppfølgd på to heilt ulike måtar.

## **Saksgang**

Formålet med ungdomskontrakt er å hindre at ungdom utviklar eit rusmisbruk. Det er politiet som har påtalekompetansen i desse sakene. Det er som regel dei som fangar opp ungdomane som er i risikosona. I Førde blir kvart enkelt tilfelle vurdert om påtaleunnlating på vilkår kan vere eit alternativ. Dersom ungdomen er i målgruppa, vil ungdomen få informasjon og tilbod om ungdomskontrakt. Juristen i saka vil også vere med på vurderinga. Erfaringa i Førde er at juristane stiller seg veldig positive til ungdomskontrakt som alternativ for straff. Som nemnt tidlegare er dette eit tema som

er interessant å undersøke i forhold til korleis det er praktisert i resten av landet. Med tanke på ei spørjeundersøking vil dette ha relevans opp mot kva slags ungdom som får tilbodet om kontrakt, og dei som ikkje får tilbod og fell utanfor utvalet. Dersom eit distrikt let vere å tilby kontrakt til ungdomar dei ikkje trur et vil fungere for, utan at ungdomen får moglegheita til å vurdere det sjølv, vil dette påverke korleis ungdomskontrakt i dette distriktet fungera. Dei har dermed vald ut dei ungdomane som verkeleg er i risikosona, og vil dermed påverka resultatet av undersøkinga.

Ungdomskontrakt som påtaleunnlating har blitt tatt i bruk fleire stadar i landet. Sjølv om hovudtrekka ved ungdomskontrakt stort sett er dei same, vil eg få fram at det også vert tilpassa kvart enkelt distrikt/kontor. Min informasjon om saksgang, er ikkje nødvendigvis lik ved andre distrikt. Utforminga av sjølve kontrakten er for eksempel unik ved Førde lensmannskontor. Ved at kontrakten vert tilpassa kvart enkelt distrikt kan dette føre til feilkjelder i ei eventuell lik spørjeundersøking. Ved utviklinga av spørjeundersøkinga må ein dermed vere observant på ulike variablar som kan spele inn i forhold til dette.

### **Frivillig**

For å kunne gå på ungdomskontrakt må ungdomen vere motivert og engasjert. Det er dermed eit frivillig tilbod, som ungdommen sjølv må ta del i. Dei fleste kontraktane i Førde har ein lengde på 12 månader. I gjennomsnitt har ein då 10-12 samtaler og urinprøver. Foreldra må også samtykke i at ungdomen skal gå på kontrakt. På første samtal blir kontrakten undertekna av ungdomen, foreldre/verje og politiet. Dei blir opplyst om at dersom kontrakten ikkje blir halden, vil saka bli tatt opp på ny med påstand om bot. Spørsmålet her er om ungdomane oppfattar dette som eit frivillig tilbod. Sidan dei er under 18 år så er foreldra med på å bestemme om dette er noko dei vil at dei ungdom skal vere med på. Kan det vere at dei føler eit press frå både foreldre og politi til å vere med? Eit sitat frå Egge (s. 55) viser eit synspunkt på dette:

*"Først sa de at jeg kunne velge mellom bot og kontrakt. Alle de andre fikk bot. Foreldrene betalte. Mamma ville ikke betale. Så da sa jeg at jeg ville sone fire dagers fengsel. Men de mente jeg var for ung. De sa at ungdomskontrakt var helt frivillig, men det var jo ikke det når jeg ikke fikk sone og mamma ikke ville betale boten."*

Det blei gjort ei prosessevaluering av oppfølgingsteam i 2009. Eg går ikkje i djupna på kva oppfølgingsteam er, men det er eit tilsvarende opplegg som ungdomskontrakt der ein følg ungdomen tett, og er koordinert ilag med andre etatar. Det som er interessant å dra fram frå denne undersøkinga er deira drøfting om ungdommens motivasjon for å delta. Det var fleire av ungdomane som sa at dei takka ja fordi det var det *minste av to onder*. Sjølv om dei hadde denne innstillinga i starten av programmet opplevde fleire at dei blei motivert og involvert i løpet av oppfølginga (Kvello og Wendelborg 2009, s. 82).

I spørjeundersøkinga mi omhandla eit av spørsmåla kva ungdomen sjølv syns om dei månadlege samtale. Dei kunne krysse fleire alternativ.

<b>Syns det er bortkasta tid</b>	<b>0</b>
Ville ikkje valt ungdomskontrakt om eg kunne valt igjen	1
<b>Syns det er ei bra løysing i staden for å få bot</b>	<b>4</b>
Er glad for at eg fekk moglegheita til å gå på kontrakt	5
Føler eg får noko igjen av samtalane	2

Her ser ein at ein av ungdomane har sagt at han ikkje ville valt ungdomskontrakt igjen. Ut ifrå dette kan ein tolke det som om han ikkje var klar over kva det var han gikk til når han takka ja. Samstundes er spørsmålet om kor mykje ungdomen sjølv fekk delta i avgjersla. Som vi ser i sitatet frå Egge og frå evalueringa av oppfølgingsteam, så vert ofte avgjersla tatt på grunn av at det blir framstilt som det minste av to onder.

Eit anna dilemma, som eg sjølv har erfart gjennom kontraktsinngåing med ungdom og foreldre, er at foreldra er flauge og usikre på korleis dei skal handtere situasjonen. Det medfører ofte til at foreldra småkjeftar litt. Ungdomen på den andre sida er redd og flau, og takkar ja av den grunn dei ikkje vil skuffe foreldra meir enn dei allereie har gjort. Her vil eg presisere at dette er mine eigne tolkingar av situasjonen eg har vore vitne til.

Samstundes som at det kan stillast spørsmål om frivilligheita ved kontraktsinngåinga ser ein både frå mi undersøking, og Kvelle og Wendeborg si evaluering at dei er glad dei fekk moglegheita til å gå på kontrakt (Kvello og Wendelborg, 2009, s. 91). For å lære meir om dette området ville eg ha gått i djupna på akkurat desse spørsmåla. For eksempel: kor store skilnader er det mellom dei som er motivert frå starten, i motsetnad til dei som føler seg tvinga til å inngå kontrakt? Dette kunne ha gitt oss nokre svar på korleis vi kunne ha forbetra informasjonen dei får og for å unngå påverknad av andre.

## **Personorientert kriminalitetsførebygging**

Ungdomskontrakt er ei form for personorientert kriminalitetsførebygging, som tar sikte på å påverke dei bakanforliggende årsakene til at eit individ gjer lovbro. Det skal forhindre at ungdomane utfører nye lovbro. Ungdomane som får tilbod om å gå på ungdomskontrakt har ein forhøga risiko for å gjere lovbro, og er ofte ein del av miljø som er utprøvande i forhold til rus. Ein har her sett at det er mest hensiktsmessig å sette inn førebyggande tiltak retta mot ungdomane som er i denne risikosonen. (Lie, 2011, s. 60-61)

Personorientert førebygging går frå ei meir generell førebygging, mot førebygging som er meir retta mot dei som treng det. Ingen av ungdomane som er i risikosona er like, og ein kan dermed ikkje bruke dei same tiltaka mot alle. Kvar enkelt ungdom treng eit eige opplegg, som er skreddarsydd for dei. Det er viktig at ungdomane får ein fast person å forholde seg til, med tanke på trygghet og relasjonsbygging. Ein av ungdomane fortalte meg at han var frustrert fordi han følte seg som ein kasteball mellom ulike betjentar grunna sjukemelding og liknande, og av den grunn mista litt av motivasjonen. Har ein først opparbeida ein relasjon må ein fort starte på nytt igjen om det kjem inn ein ny person.

Mine erfaringar frå samtalar med ungdomane er at fleire av dei ikkje er vant til å bli hørt på. I samtale med politiet er det nokon som tek ”problemet ved rota”, og ikkje er redd for å snakke om rus og konsekvensar omkring rus. I mi undersøking er det også to stykk som har kryssa av for at dei føler dei har fått noko igjen av samtale.

Eit dilemma her er kva slags rolle politiet får. Vi skal ha ei rolle der ein opplyse og rettleia, oppdragarrolla er det framleis foreldra som har. Eg vil seinare gå inn på kor viktig det er å involvere foreldre og skule.

## Utfordringar

I eit samfunn er det behov for å oppretthalde samfunnsordenen. Strafferetten er meint å verke førebyggande først og fremst gjennom individual- og allmennprevensjon. Individualprevensjon skal forhindre framtidige lovbroter hos den som straffast, medan allmennprevensjon skal forhindre framtidige handlingar hos folk flest (Lie, 2011, s. 125).

Som Elisabeth Myhre Lie skriv i boka "I Forkant" handlar førebygging om tilrettelegging til det lovlydige samfunn. Faren ved å bruke ungdomskontrakt er at stigmatisering vil motarbeide viktige førebyggande mekanismar (Lie, 2011, s. 89-90). Ragnar Hauge definera stigmatisering som ein prosess der ein opplev seg sjølv som avvikar og går inn i avvikarrolla. Stempling på den andre sida inneber at ein vert definert som avvikar av andre. Lie går inn på problemstillinga om at personorientert førebygging kan verke mot sin hensikt. Ho spør om politiet reagerer for tidlig på normalt utprøvande ungdom, og om politiet si merksemd vil kunne stemple ungdomen som avvikar. Og at ungdomen nettopp av den grunn tar til seg identiteten som avvikar.

Om dette kan vere tilfelle med ungdomskontrakt, er eit spørsmål ein må ha i bakhovudet. Dei fleste som startar på ungdomskontrakt har aldri blitt tekne av politiet før, og politiets tidlige intervension kan dermed virke mot sin hensikt. Lie bruker omgrepet sjølvoppfyllande profeti for å forklare dette problemet. Definisjonen på sjølvoppfyllande profeti er at forventingar til ein person medverkar til at ein person endrar seg i retning forventinga (Svartdal, 2012). Akkurat dette dilemmaet er noko som hadde vore spennande å sjå nærmare på. Har ungdomane som har gått på ungdomskontrakt følt seg som avvikar på grunn av at dei har gått på kontrakt?. Avvikar er eit omgrep som fort kan bli misstydd, og derfor er det viktig og forklare omgrepet på ein slik måte at ungdomane forstår betydinga av det.

Her kan vi sjå kva ungdomane svarte i mi undersøking på kva slags forhold dei hadde til rus på det tidspunktet dei tok undersøkinga. Dei kunne krysse av fleire alternativ.

<b>Heilt imot rus</b>	<b>1</b>
<b>Omgåast ikkje folk som rusar seg</b>	<b>1</b>
<b>Vil ruse meg dersom eg får tilbodet</b>	<b>0</b>
<b>Har same syn på rus som eg hadde før</b>	<b>2</b>
<b>Skjønar at det ikkje er bra, men kjem ikkje til å slutte</b>	<b>0</b>
<b>Kan vere med vene som ruser seg, men held avstand sjølv</b>	<b>4</b>
<b>Tenker at av og til kan ikkje skade</b>	<b>0</b>
<b>Skjønar ikkje kvifor det er farleg å ruse seg</b>	<b>0</b>
<b>Kjem nok aldri til å slutte heilt med rus</b>	<b>0</b>
<b>Anna:</b>	

Det eg syns er interessant her er at 4 av 5 svarar at dei fortsatt er med vene som rusar seg. Dette kan tyde på at dei fortsatt er i same miljøet. Ved at ein i gjengen går på ungdomskontrakt skulle optimalt sett ha verka allmennpreventivt. Kva kan vere grunnen til at dei andre ikkje tek lærdom av at nokon av venene deira er blitt tatt? For at ungdomskontrakt skal virke allmennpreventivt i tillegg til individualpreventivt må ein finne ut av årsakene til at ungdomskontrakt ikkje forhindrar rusbruk hos venekretsen. For at ungdomskontrakt skal få ungdomen vekk frå rus på lengre sikt er det viktig å sjå på alle variablane som påverkar negativt, her: miljøet.

Som tidlegare nemnt har alle ungdomane ulike kjenneteikn, og ulike grunnar til at dei har rusa seg. Fauske og Øia påpeikar i artikkelen ”Marginalisering – utsatte ungdomsgrupper” at risikoungdom, eller utsette ungdomsgrupper ikkje er ein klart avgrensa kategori med eintydige kjenneteikn. Dei går vidare og seier at årsaker til problemåtfred ligg i førestillinga om antisosialitet. Antisosialitet er ”Atferdsmönster preget av destruktivitet, upålitalighet, ulydighet og utagering” (Pape sitert i Fauske & Øia, 2003, s. 217). Vidare i teksten går dei inn på ulike årsaker til at det oppstår antisosialitet. Årsaker dei nemner er alt ifrå fattigdom og därlege heimevilkår, til behov for eksperimentering og grenseutprøving. Egge drar fram betydinga av at ein ikkje gløymer at det er den kriminelle handlinga som er utgangspunktet for kontrakten, og at vilkåra må treffe risikofaktorane hos den enkelte for å gjer

kriminalitet (Egge 2004, s. 60). Risikofaktorane som Egge drar fram er mykje av dei same som Fauske og Øia har dratt fram i sin artikkel. Alle desse ulike risikofaktorane kan vere eit grunnlag for ungdomskontrakt.

Kvar går grensa mellom å vere utforskande ungdom der ein prøver ut grenser, til der kvardagen er prega av rus? For å finne ut meir om dette området kan ein sjå på korleis det har gått med dei ungdomane som har takke nei til kontrakt, versus dei som går og har gått på kontrakt. Har ein klart å få tak i dei som er nær ved å gå inn i ei kriminell løpebane, eller er majoriteten av ungdomane normalt utprøvande ungdom? Som Fauske og Øya var inne på er andre årsaker til antisosialitet, därlege heimevilkår. For ungdom under 18 år må foreldra samtykke til at dei går på kontrakt, og har av den grunn stor påverknadskraft. Eit tema som kunne vore interessant å gå meir i djupna på er om ungdom med därlege heimevilkår fell utanfor tilbodet om ungdomskontrakt, då foreldra ikkje involverer seg i like stor grad. Under tverretatleg samarbeid vil eg gå nærmare inn på kor viktig det er med tett samarbeid med foreldra.

### Tverretatleg samarbeid

For at ein skal kunne oppnå resultat på det kriminalitetsførebyggande området så må ein ha eit godt samarbeid mellom dei ulike etatane. *Handlingsplanen mot barne- og ungdomskriminalitet<sup>ii</sup>* (s. 3) har dette som målsetting.

Problema som ungdomane har er ofte samansette og det er derfor viktig at politiet samarbeider med andre for å førebygge kriminalitet. Målet er at ungdomen ikkje skal ruse seg etter at kontrakten er gått ut. I mi undersøking fekk dei spørsmål om dei trudde dei kom til å ruse seg når kontrakten gjekk ut.

<b>Nei (aldri)</b>	<b>3</b>
<b>Muligvis</b>	<b>2</b>
<b>Mest sannsynleg</b>	<b>0</b>
<b>Ja (utan tvil)</b>	<b>0</b>

Som ein ser her er det 2 av 5 som svarar at dei ”muligvis” vil ruse seg igjen. Her ser ein kor viktig det er med god oppfølging også etter at kontrakten eg gått ut. Som Elisabeth Lie seier er det viktig at hjelpeinstansane ikkje trekk seg ut når det går betre

med ungdomen. Sjølv om mange av dei har fått mange ulike hjelpetiltak gjennom livet, har det skorta på den langsiktige, forpliktande og koordinerte samarbeidet (Lie 2011, s. 113).

Vidare vil eg gå inn på kor viktig det er å ha eit nært samarbeid med foreldre og skule med tanke på førebygging ved hjelp av ungdomskontrakt. Det er fleire ulike instansar som det også er viktig for politiet å ha eit nært samarbeid med, som barnevern, fritidsklubar og andre hjelpeapparat. På grunn av plassavgrensing har eg valt å avgrense meg til foreldre og skule. For at ungdomen skal få best mogleg oppfølging og hjelp er det viktig at informasjon kan gå over dei forskjellige etatane utan at den skal bli stoppa av teieplikta. I neste avsnitt vil eg gå kort gjennom vilkåra for teieplikta.

### **Teieplikt**

For at dei ulike etatane kan dele informasjon utan det går ut over reguleringa for teieplikt, krev det samtykke. Krav til samtykke er at det skal vere frivillig; uthykkelig og frivillig jf. Forvaltingsloven §13a nr.1, straffeprosessloven §61b nr.1 og helsepersonelloven §22. ”Uttrykkelig” inneberer at det må vere uttalt samtykke, der eit nikk ikkje er nok. I vilkåret ”frivillig”, inneberer det at det ikkje skal vere noko form for tvang og truslar. Siste kravet er at det er ”informert”, det vil sei at ungdomen med foreldre/verje er sjølv med på å bestemme kven som kan dele informasjon og kva slags informasjon som vil bli delt. I tillegg til kva slags konsekvensar dette kan få (Myhrer, 2011, s. 20).

### **Foreldre/verje**

Målgruppa for ungdomskontrakt er 15-18 år, og dei er dermed ikkje myndige. Dei føresette har fortsatt ei viktig rolle med tanke på oppdragarrolla. Det er viktig at føresette og politiet saman finn løysningar som kan fungere for den aktuelle ungdommen. Og at ein arbeider saman mot eit felles mål. Det er dei føresette som har den daglege omsorga for ungdomen og som dermed har hovudansvaret for grensesetting i kvardagen(Lie, 2011, s. 63).

Når det kjem til føresette som har dårlig innflytelse på ungdomen, er det viktig at ein ikkje stenger dei ute frå arbeidet. Her kan ein rettleie dei i foreldrerollen og gi dei tips om andre instansar som kan hjelpe, til dømes familievernkontoret. Som nemnt

tidlegare så er ein av dei viktigaste risikofaktorane knytt til familien og mangel på grensesetting. Dette viser også kor viktig det er at familien blir involvert, då det ofte kan vere bakanforliggende problem som gjer til at ungdomane startar å ruse seg (Lie, 2011, s. 62-63) .

På den andre sida har mange ungdomar stor respekt for foreldra sine. Foreldra blir innkalla når ungdomane blir innkalla til avhøyr og liknande. For mange av ungdomane er møtet med foreldra på lensmannskontoret noko av det dei beskriv som verst (Egge, 2004, s. 55).

*”Det jeg gruet meg mest for var da de sa de skulle ringe mutteren. Hun kom til å fly i taket. Det var det jeg tenkte på. Det var det verste. At de ringte til mutteren.”* (Egge, 2004, s. 55)

Foreldra er normalt ein del av den primære kontrollen til ungdomen. Den primære kontrollen er den uformelle sosiale kontrollen ein utfører ovanfor personar ein har ein nær relasjon til. Politiet er den sekundære kontrollen, som står for den formelle sosiale kontrollen i samfunnet. Kva er konsekvensane av at det vert styrka formell kontroll ovanfor ungdomen? I resten av samfunnet har ein sett tendensar til at styrka formell kontroll har ført til svekka uformell kontroll. Det er foreldra som har den daglege omsorga. Eg meiner dermed at politiet har eit ansvar med å sørge for at foreldra vert involvert i arbeidet, då dei er ein veldig viktig faktor for at ungdomen skal klare seg på sikt.

## **Skule**

Marit Egge har i si evaluering av Ungdomskontrakt dratt fram kor viktig utdanning og skule er for ungdom. Ungdom har få andre val enn skulen, og det er i dag sett på som eit gode som alle har. Dersom ein føler en kjem til kort, vil skulda fort bli lagt på den enkelte. Egge drar fram forskinga til Martin Trow. Trow seier at en følgje av at ungdomen føler at dei kjem til kort er at det framstår ungdomskriminelle subkulturar som alternative arenaer for sjølvheving. Han drar det så langt og seier at jo viktigare det er å vere flink, og dess flinkare ein er blir sett på som eit objektivt mål på kor vellykka ein er, så vil det vere meir ungdomskriminalitet og vold (Egge 2004, s. 22).

Ein av dei risikofaktorane som vert trekt fram for å forklare ei kriminell utvikling er manglande skuletilpasning/arbeidsløyse. Kvar enkelt ungdom har sitt eige behov når det kjem til skulen. Mange av dei som er i risikosona slit med dei krav og forventingar som skulen har til dei. Dei treng dermed tettare oppfølging og betre tilrettelegging. Ved at vi samarbeider tett med desse og har felles mål, kan det gjere til at ungdomen får den ekstra hjelpa dei treng. I kontrakten kan eit av vilkåra vere at dei skal møte opp på skulen og ta del i undervisninga. Dei ulike kontraktane blir tilpassa etter behov, og ein må ha realistiske mål i forhold til kva ein kan forvente av ungdommen. Ein må gi ungdommen ein mestringsfølelse, som kan motivere dei til å fortsette. Dei ungdomane eg snakka med som hadde blitt involvert i utarbeidinga av dei ulike måla og forventingane som blei satt til dei, følte seg meir involvert, og fekk dermed eit større forhold til oppgåva dei blei tildelt .

### **Rom for forbetingar**

Tverretatlig samarbeid er ein viktig faktor for at ungdomskontrakt skal fungere, spesielt på lengre sikt. I mi undersøking hadde eg ikkje fokus på dette området, men gjennom mine eigne erfaringar har eg sett at det på tvers av alle desse etatane er store rom for forbetingar. Det er ikkje berre ungdomen i seg sjølv det er viktig å studere, men også forholda rundt som påverkar positivt og negativt. Kvantitative undersøkingar på dette området kan vere komplisert, då det er så mange ulike faktorar og variablar som spelar inn. Her kunne ein mogleg følgje nokre ungdomar tett over tid, og sett på kva slags arbeid som vert gjort. Både hos kvar enkelt etat, og kva som vert vidareformidla. Med tanke på vidareformidling er det viktig at informasjon også vert kommunisert ned i rekkene. Og ikkje minst involvere dei det gjeld, ungdomen. Her kan ein vurdere observasjon under møter, og ha kvalitative intervju med dei involverte partane og eventuelt vurdert ei spørjeundersøking på grunnlag av det ein har funne ut av den kvalitative forskinga.

## **Avslutning**

Problemstillinga mi var korleis ein mest effektivt kan finne ut om ungdomskontrakt fungerer i praksis. Målet mitt var ikkje å trekke generelle slutningar ut frå mine eigne

undersøkingar og erfaringar, tidlegare forsking og drøftingane mine. Grunnen til det er at det er for mange variablar som spelar inn og som er vanskelege å få fatt på, og at undersøkinga mi ikkje er generaliserbar. Ei slik undersøking er både tidkrevjande og kostnadsrik. For å få eit fullstendig og fullgodt svar på om ungdomskontrakt fungerer i praksis, konkluderer eg med at ein må ta i bruk både kvalitative og kvantitative metodar for å få fatt i desse variablane. Ved begge desse metodane har eg trekt fram positive og negative sider, og ulike problem ein kan møte på undervegs. Det som er viktig er at ein planlegg godt og er nøyaktig i designfasen. På denne måten kan ein hindre feilkjelder, og relabiliteten og validiteten vert styrka. D

Ungdomskontrakt som tilbod er komplekst, då årsakene til at ungdomane går på kontrakt ofte er varierte. I oppgåva har eg peikt på ulike område som ein bør undersøke nærmare, og som mogleg kan ha påverknad når det kjem til effekten av ungdomskontrakt. For eksempel om ungdomen opplev ungdomskontrakt som eit frivillig tilbod, eller som det minste av to onder. Ulike problemstillingar eg har drøfta er om ungdomskontrakt er stigmatiserande, og om ungdomen sjølv har følt seg som ein som blitt sett på som avvikar. Vidare har eg gått inn på ulike dilemma med tverretatleg samarbeid, og mulige konsekvensar av styrka formell kontroll. Alt dette spelar inn på korleis ungdomskontrakt verkar, og er dermed interessante tema å studere. Når ein inngår kontrakt med ungdom bør ein ha langsiktig mål om at det skal fungere, ikkje berre at ungdomen skal avstå frå lovbrot dei månadane kontrakten gjeld.

## Litteraturliste

Braut, Geir Sverre. (2009). *I stor norske leksikon.* Hentet fra: [http://snl.no/.sml\\_artikkel/reliabilitet](http://snl.no/.sml_artikkel/reliabilitet), 23.01.2012.

Fauske, H. & Øia, T. (2003). *Oppvekst i Norge.* Oslo: Abstrakt.

Hauge, R. (2007). *Stemppling og stigmatisering.* I:L. Finstad & C. Høigård (Red.), *Kriminologi* (4.utg.) (s.300-307). Oslo: Pax.

Lund, T. (2002). Metodologiske prinsipper og referanserammer. In T.Lund, T.A.Kleven, T.Kvernbeck & K.A. Christophersen (red.), *Innføring i forskningsmetodologi* (s 79-124). Oslo: Unipub.

Myhrer, Tor-Geir. (2011). *Vern eller hinder? Tausheitsplikten i det kriminalitetsforebyggende samarbeid mellom etatene.* Oslo: Politihøgskolen, Forskningsavdelingen.

Kippe, Harald., Seiersten, Asmund. (2004). *Alminnelig strafferett.* Forlaget Vett & Viten AS.

Lie, E. M. (2011). *I forkant: Kriminalitetsforebyggende politiarbeid.* Oslo: Gyldendal akademisk.

Straffeloven (1902). *Lov av 22.mai.1902 nr10 om almindelig borgelig straffelov (straffeloven) med endringer sist ved lov av 10.desember 2010 nr.73.*

Straffeprosessloven (1981). *Lov av 22. mai 1981nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven) med endringer, sist ved lov av 15. januar 2010 nr. 2 (i kraft 1.mars 2010).*

Svartdal, Frode. (2009). *I stor norske leksikon.* Hentet fra: [http://snl.no/.sml\\_artikkel/reliabilitet](http://snl.no/.sml_artikkel/reliabilitet), 25.01.2012.

## **Sjølvvalt pensum**

Barne og familidepartementet (1999-2000). *St.meld.nr.17. Handlingsplan mot barne- og ungdomskriminalitet.*

Egge, Marit. (2004) *Forsøk med ungdomskontrakter*. Oslo: Politihøgskolen.

Grimen, Harald. (2004). *Samfunnsvitenskaplige tenkemåter*. Universitetsforlaget.

Handlingsplan (2012). *Gode krefter – Kriminalitetsforebyggende handlingsplan*. Oslo: Politi og justisdepartementet.

Jacobsen, Dag Ingvar. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?* Høyskoleforlaget 2005.

Johannessen, Asbjørn., Tufte, Per Arne., Christoffersen, Line. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskaplig metode*. Oslo: Abstrakt.

Kvello, Ø og Wendelborg, C (2009). *Prosessevaluering av det treårige prosjektet: Oppfølgingsteam for unge lovbrukere i Kristiansand, Oslo, Stavanger og Trondheim*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning as.

Undheim, Johan Olav. (1996). *Innføring i statistikk og metode for samfunnsvitenskaplige fag*. Universitetsforlaget AS.

# Vedlegg

## Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Geir Aas  
Politihøgskolen  
Postboks 5027 Majorstua  
0301 OSLO

Harald Hårfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax: +47-55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org.nr 985 321 884

Vår dato: 11.05.2012

Vår ref: 30168 / 3 / LT

Deres dato:

Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 12.03.2012. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 03.05.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

30168	Ungdomskontrakt
Behandlingsansvarlig	Politihøgskolen, ved institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Geir Aas
Student	Jeanette Haugsbø

Etter gjennomgang av opplysninger gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon, finner vi at prosjektet ikke medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt etter personopplysningslovens §§ 31 og 33.

Dersom prosjektopplegget endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for vår vurdering, skal prosjektet meldes på nytt. Endringsmeldinger gis via et eget skjema,  
[http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk\\_stud/skjema.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html).

Vedlagt følger vår begrunnelse for hvorfor prosjektet ikke er meldepliktig.

Vennlig hilsen

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Vigdis Namtvædt Kvalheim".

Vigdis Namtvædt Kvalheim

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Lis Tenold".

Lis Tenold

Kontaktperson: Lis Tenold tlf: 55 58 33 77  
Vedlegg: Prosjektvurdering  
Kopi: Jeanette Haugsbø, Haugsbø, 6977 BYGSTAD

Avtelingskontorer / District Offices

OSLO NSD Universitet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11 nsd@uiu.no  
TRONDHEIM NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07 kyrr.svarva@svt.ntnu.no  
TROMSØ NSD, NTNU, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 68 43 36 nsdmca@svt.ntnu.no

# Personvernombudet for forskning



## Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 30168

Det foreliggende prosjektet er en melding for en spørreundersøkelse til ungdommer som går på ungdomskontakt. Personvernombudet legger til grunn at rekruttering og førstegangskontakt skjer gjennom/av instanser som har tilgang til informasjon om ungdommene som skal delta. Det legges videre til grunn at taushetsplikten ikke er til hinder for førstegangskontakt.

Det gis muntlig informasjon og utfylling av skjema er ensbetydende med samtykke til deltagelse.

Det er personvernombudets vurdering at spørreskjemaet i foreliggende versjon i seg selv ikke medfører innsamling/behandling av personopplysninger. Spørreskjemaet inneholder ikke spørsmål som direkte eller indirekte kan identifisere den ungdom. Skjemaet er heller ikke merket med et løpenummer som viser til en identifiserbar navneliste.

På bakgrunn av dette finner personvernombudet at prosjektet ikke er omfattet av meldeplikt all den tid den beskrevne prosedyren følges og undersøkelsen gjennomføres anonymt.

## Spørjeundersøking

Kor lenge har du gått på kontrakt?

1 - 3 mnd	0
3 – 5 mnd	1
5 – 8 mnd	1
9 – 12 mnd	3

Kor ofte rusa du deg før?

Fleire gangar om dagen	1
Fleire ganger i veka	3
Ein gang i veka	1
Ein – to ganga i månaden	2
Sjeldnare enn to ganga i månaden	0

Kva slags påstandar samsvarar med det forholdet du hadde til rus før? Kan krysse fleire.

Var noko eg dreiv med fordi alle andre gjorde det	0
Syns det var godt, likte rusen.	5
Brydde meg ikkje om kva andre folk meinte.	3
Likte det eigentlig ikkje, men gjorde det fordi eg følte meg pressa til det.	0
Tenkte ikkje over konsekvensane av rusen.	2
Tenkte på konsekvensane, men tenkte at du hadde kontroll over bruken.	3
Avhengig, klarte deg ikkje utan rusen	1

<b>Kunne slutte på dagen utan problem, men ville ikkje.</b>	4

**Når kontrakta går ut, trur du at du vil starte å ruse deg igjen?**

<b>Nei (aldri)</b>	3
<b>Muligens</b>	2
<b>Mest sannsynleg</b>	0
<b>Ja (utan tvil)</b>	0

**Har synet ditt på rus endra seg?**

<b>Ja</b>	2
<b>Litt</b>	3
<b>Ikkje i det heile tatt</b>	0

**Kva slags forhold har du til rus no? Kryss ut det som stemmer.**

<b>Heilt imot rus</b>	1
<b>Omgåast ikkje folk som rusar seg</b>	1
<b>Vil ruse meg dersom eg får tilbodet</b>	0
<b>Har same syn på rus som eg hadde før</b>	2
<b>Skjønar at det ikkje er bra, men kjem ikkje til å slutte</b>	0
<b>Kan vere med vene som ruser seg, men held avstand sjølv</b>	4
<b>Tenker at av og til kan ikkje skade</b>	0
<b>Skjønar ikkje kvifor det er farleg å ruse seg</b>	0
<b>Kjem nok aldri til å slutte heilt med rus</b>	?
<b>Anna:</b>	

**Kva syns du om dei månadlege samtalane? Kan krysse fleire**

<b>Syns det er bortkasta tid</b>	<b>0</b>
<b>Ville ikkje valt ungdomskontrakt om eg kunne valt igjen</b>	<b>1</b>
<b>Syns det er ei bra løysing i staden for å få bot</b>	<b>4</b>
<b>Er glad for at eg fekk moglegheita til å gå på kontrakt</b>	<b>5</b>
<b>Føler eg får noko igjen av samtalane</b>	<b>2</b>

## Fotnotar

---

<sup>i</sup> **§ 69.** Selv om straffeskyld anses bevist, kan påtale unnlates såfremt slike særlige forhold er til stede at påtalemyndigheten etter en samlet vurdering finner at overveiende grunner taler for ikke å påtale handlingen.

Unnlatelse av påtale etter første ledd kan gjøres betinget av at siktede i prøvetiden ikke gjør seg skyldig i noen ny straffbar handling. Prøvetiden er to år fra den dag det blir besluttet å unnlate påtale, men ikke lenger enn foreldelsesfristen for adgangen til å reise straffesak for handlingen. For siktede som var under 18 år på handlingstidspunktet, kan prøvetiden settes til 6, 12, 18 eller 24 måneder.

Unnlatelse av påtale kan også gjøres betinget av slike vilkår som er nevnt i straffeloven § 53 nr. 2, nr. 3 bokstavene a – h, nr. 4 og nr. 5. Den siktede skal på forhånd få adgang til å uttale seg om vilkårene. Når den siktedes forhold gir grunn til det, kan påtalemyndigheten i prøvetiden oppheve eller endre vilkår som er fastsatt og sette nye vilkår.

Endret ved lover 14 juni 1985 nr. 71, 11 juni 1999 nr. 39 (ikr. 1 juli 1999 iflg. res. 11 juni 1999 nr. 663), 21 mars 2003 nr. 18 (ikr. 1 apr 2003 iflg. res. 21 mars 2003 nr. 358), 20 jan 2012 nr. 6 (ikr. 20 jan 2012 iflg. res. 20 jan 2012 nr. 41). Endres ved lov 20 mai 2005 nr. 28 (ikr. fra den tid som fastsettes ved lov) som endret ved lov 19 juni 2009 nr. 74.

<sup>ii</sup> ”For å få til den nødvendige satsingen, og hindre at barn og ungdom bli kasteballer mellom hjelpetjenestene, hindre at uheldig atferd utvikler seg og legge til rette for gode og trygge nærmiljøer, vil det bli lagt vekt på bedre samordning og koordinering av arbeidet, i kommunene, mellom lokale og sentrale myndigheter og ved bedre samordning av den statlige innsatsen på området”(Stortingsmelding nr.17) .